

Referat FAU-SMU møte ved Skei skule 21.05.24

Tid og stad: 21.05.24 kl.17:30 på personalrom ungdomsskulen

Deltakerar: Annette Dale Natås (rektor), Camilla Øvrebø, Solfrid Trå, Anne Leknes Gryte, Rigmor Heggheim, Helene Hauge, Reidun Sofie Myklebust, Inger Anne Husevåg, Inger Elin Hammerseth Egge, Ellen Bijsterbosch – van Hal, Inger Anne Husevåg, Inger Elin Hammerseth Egge og Hilde Losnegard.

Frå Ungdomsrådet: Aksel Roko Eide. Frå Elevrådet: Andreas Befring, Eline Solheimsnes Sægrov og Katrina Flatjord Heggland

Fråfall: Sonja Grøneng, Marte Hundvebakke og Stine-Renate Årdal

Referent: Hilde Losnegard

Saker:

Høyring i høve lokale forskrifter til ny opplæringslov: I samband med ny opplæringslov frå 01.08.24 har Sunnfjord kommune utarbeida lokale forskrifter til enkelte paragrafar i opplæringslova.

Kommunen har sendt ut lokal forskrift med høyringsfrist 29.05.24.

- **Permisjonsreglement og regelverk i skule:** Forskrifta er tilnærma lik som i dag, men har litt innkrenking i høve permisjon ved ferie. I forskriften det at det skal normalt ikkje bli innvilga permisjon til ferie. Annette stiller spørsmål til om ordlyd i forskrift vil føre til ulik praksis på innvilging av permisjon ved skulane i Sunnfjord kommune.
- **Forskrift om SFO:** Likt slik vi kjenner den frå før. I forskrift står det at «I elevferiar som haustferie, vinterferie, jul og påske blir SFO-tilboda samordna. Når det er færre barn enn 6 som er påmeldt SFO i feriane blir drifta samordna med andre SFO-einingar som ligg geografisk nærmest. Ved nokre SFO-einingar blir drifta samordna sjølv om det er fleire påmeldte.» FAU på Skei ønsker tilbod om ferie SFO på Skei. Skal vi spele inn ønske om endring av formulering i forskrift slik at det ved behov og etterspurnad er mogleg å gje tilbod om SFO i feriar på Skei?
- **Forskrift om skuleregler:** Eleven sin rett til medverknad og bli høyrt er presisert.
- **Skule og feriedagar:** Skrivefeil på 09.mai/2.pinsedag. Anette vil melde inn feil til kommunen.
- **Forskrift om hovedmål:** Likt som i dag.

Diverse info frå rektor: Revisjon ordensreglement, vernerunde, neste skuleår, innspel økonomiplan m.m.

- **Revisjon ordensreglement:** Mobil/ Smartklokker: Annette informerer om at Skei skule vil legge inn at mobil ikkje skal nyttast i skuletida. Mobil skal leverast inn ved første time eller leggast igjen heime. Mobil kan i særskilte høve blir brukt på skulen etter avtale. Smartklokker vil få same reglar som mobil.
- **Vernerunde:** Er gjennomført.
- **Innspel økonomiplan:** Annette har sendt inn ei detaljert liste til kommunen med ynskje om forbeteringar og oppgradering av skulen. Det er trong for mellom anna nytt ventilasjonsanlegg, lydisolering, fornying av garderober og toalett til personale og renovering av toalett på barne- og ungdomsskulen. Gymnastikksal og tilhøyrande garderobe treng oppgradering. Utvendig fasade bør oppgraderast, det er trong for nye vindauge og solskjerming. Elektrisk anlegg bør fornyast. Vidare er det ønske om miljøarbeider og oppgradering av lærebøker og digitale lisensar.

Utgifter til leirskule er ikkje budsjettert økonomiplan til tross for at det er lovpålagt. Dette er spelt inn til økonomiplan.

Uteområde: Det er ikkje merkt av eigne midlar til fullføring av uteområdet til Skei skule. Skei skule har berre fått fullført 1/3 av uteområdet som tidlegare er bestemt at skal utførast. Det er sendt ekstra ønske til skulesjef om at dette må fullførast. FAU vil sende ei ekstra påminning om dette til Åge Stafsnes.

Ymse:

- **Ungdomsklubb:** Camilla fortel at ungdomsklubben har fått innvilga 250 000 i midlar frå Sparebanken. Prosjektgruppe har nyleg hatt møte med ungdomskoordinator og Utekontakt i Sunnfjord kommune og fått nytige innspel på drift av ungdomsklubb. Plan er å opne ungdomsklubben hausten 2024. Drift blir i form av dugnad fram til det blir bestemt om kommunen vil innvilge driftsmidler. Ungdomsklubben vil ha ope fredagar ein til to dagar i månaden rett etter skulen. Det blir planlagt oppussingdugnad til hausten. Ungdommene er med i utforming og innhald i ungdomsklubben. Planen er å lage kjøkenøy, kiosk, biljardbord og få på plass gamingutstyr.
- **Trafikalt grunnkurs:** Annette fortel at det blir tilbod om trafikalt grunnkurs i 10. klasse neste år. Det er 15 års aldersgrense for å få kurset godkjent og det er derfor mest rettferdig å gje tilbod i 10.klasse sidan alle elevane då er blitt 15.
- **Vatn på skulen:** Vatn i springen på skulen blir ikkje skikkelig kaldt. Elevane ønsker ein vasskjøler/dispenser der dei kan hente kaldtvatn.
- **Politisk representant på FAU møter:** Det har ikkje møtt nokon frå kommunen på våre FAU møter siste halvår. Vi ønsker betre engasjement frå kommunen frå hausten.
- **Nytt FAU og SMU for skuleåret 2024/2025:** Annette takkar for innsats og godt samarbeid for dei medlemene som no er ferdige i FAU- SMU.